



## Sakspapir

| Saksnr: | Utval:        | Dato |  |
|---------|---------------|------|--|
|         | Formannskapet |      |  |
|         | Kommunestyret |      |  |

  

|                |                   |             |  |
|----------------|-------------------|-------------|--|
| Sakshandsamar: | <i>Atle Vaage</i> |             |  |
| Arkivsaknr.:   | 23/1183           | Klassering: |  |

### Informasjonsskilt og digital informasjon

#### Kommunedirektøren si tilråding:

1. Utdaterte informasjonsskilt ved kommunegrensene vert demontert og ikkje erstatta. Det vert sett opp digitale informasjons-stasjonar på Mastrevik torg og ein av butikkane ved Mongstad-krysset, innanfor ei kostnadsramme på 150 000 inkludert mva.
2. Tiltaket vert finansiert over investeringsbudsjettet i 2024.

#### Bakgrunn

I samband med handsaminga av budsjettet for 2023 i kommunestyret sitt møte 15. desember 2022, vart det vedtatt følgjande verbalpunkt;

«Det må setjast opp nye informasjonsskilt ved kaiane våre (Leirvåg, Sævrøy og Vardetangen) i samarbeid med Nordhordland Unesco Biosfæreområde. Gamle, utdaterte skilt må fjernast.

#### Saksopplysningar

Kommunen har i dag store informasjonstavler ved ferjekaien Leirvåg, og langs fylkesvegen nær kommunegrensa ved Fosnstraumen bru og Keilekrysset. Skilta er gamle, og inneheldt delvis utdatert informasjon. Det er ikkje skilt på Sævrøy eller Vardetangen.

Administrasjonen har vore i kontakt med Nordhordland Unesco Biosfæreprosjektet. Desse melder at dei utarbeidar sine egne skilt med felles profil for heile området. Per no verkar det såleis lite aktuelt å ha felles informasjonsskilt for biosfæreprosjektet og Austrheim kommune.

#### Vurdering

## **Folkehelse**

Tiltaket er ikkje vurdert å ha større innverknad på miljøet.

## **Miljø**

Tiltaket er ikkje vurdert å ha større innverknad på folkehelse.

## **Økonomi**

Nye skilttavler av same storleik som dei eksisterande tavlene vil ha nær same kostnad som for digitale informasjonsstasjonar. Avhengig av storleik og fundament må det påreknast rundt 50 000 for å få opp eit heilt nytt skilt. Byte av skilttavle på dei tre eksisterande skilta ved Leirvåg, Keilekrysset og Fosnstraumen vil kosta kring halvparten. Å oppfylle verbalpunktet frå kommunestyret får då ein forventa kostnad på om lag 175 000,-.

Administrasjonen har vore i kontakt med ein leverandør av digitale informasjonstavler, og fått oppgitt 30-50 000 som forventa kostnad for ei tavle av den typen ein ofte finn i kjøpesenter. For digitale tavler må det i tillegg påreknast eit par tusen i driftskostnadar for internett-tilgang. Tavlene kan vera utsett for hæverk og slitasje, slik at levetida og er kortare enn for eit tradisjonelt skilt. Det må difor påreknast ein framtidig kostnad til drift/utskifting dersom ein går for slike stasjonar.

## **Samla vurdering**

I dagens samfunn nyttar dei aller fleste Internett for å finna informasjon, både før dei kjem til ein ny stad og medan dei er der. Informasjonsskilt på kaiene har då mindre og mindre betydning for kva val turistar tek i Austrheim. Dersom turistar ikkje stoppar ved skilta, har skilta heller ikkje nokon vidare effekt i omdømebygging. Kommunedirektøren vurderer det slik at informasjonstavler på kjøpesenter vil treffa fleire brukarar enn skilt på kaiar.

Digitale informasjonsstasjonar har den fordel at ein lett kan endra informasjon, og at ein kan visa større mengder informasjon i mange kategoriar. Vidare kan ein nytta berørings skjerm der brukarane sjølv kan trykka seg fram til det dei ønskjer meir detaljert informasjon om. Sist kan ein og samkjøra informasjonen med det som ligg på kommunen si heimeside. Tavlene kan og bidra til å gje viktig informasjon til eigne innbyggjarar dersom det oppstår situasjonar som krev det.

Kostnadmessig er det ikkje avgjerande skilnad på digitale informasjonsstasjonar og store, fysiske informasjonstavler.

## **Konklusjon**

Dei gamle skilt-tavlene ved kaiene vert demontert og ikkje erstatta. Austrheim går over til å nytta digital informasjon til besøkande.